



SunnPodium

ARBEIDSLIVSKONFERANSE MED RESULTATFOKUS

Drivkraft | menneske og teknologi

Bømlo Folkehøgskule 14.-15. juni

Ein konferanse der
alle blir utfordra!

Foredrag **du ikkje
trudde** var mogleg...

**Ungdom som
summerer** opp
foredraga

Du reiser frå
SunnPodium klar for
å setja **nye idear** ut
i livet!



CHRISTINE KOHT



2017



EIRIK NEWTH | KATHLEEN OFFMAN MATHISEN
BERNT H. HELLESØE | MAGNE EIDESVIK
TOR GJØSÆTER | ASTRID K. STEINSLAND



SunnPodium skaper ein arena, inspirerer og fyller på med fagleg innsikt i Sunnhordland sitt arbeid for samhandling mellom alle aktørar i arbeidslivet. Me ynskjer eit konstruktivt og godt samarbeid om dei krevjande oppgåvene i arbeidslivet, der interessene til aktørane er ulike. For å få god drivkraft og gode dagar på jobb!


Drivkraft | Menneske og teknologi

I år er det drivkraft som står i sentrum for SunnPodium. Drivkrafta må liggja i botn som ein menneskeleg faktor for å kunna tilpassa seg stadige endringar i marknaden og teknologien. Teknologiske løysingar og innovasjonar tek over stadig fleire arbeidsoppgåver. Det gir både utfordringar og høve til utvikling for enkeltmenneske og bedrifter. Teknologitoget går, står du framleis på perrongen?- Næraste haldeplass er Bømlo Folkehøgskule og SunnPodium: **Velkommen!**



Podiumdrivkraft:

For å lykkast i næringslivet er det nokre faktorar som må vera på plass. Magne Eidesvik, Per Bjørn Habbestad og Astrid K. Steinsland vil saman fortelja om si drivkraft og kva som skal til for å lykkast som gründar. Utfordringar ein møter når bedrifter skal etablerast og byggast. Korleis du må tenkje når du skal drive dei fram til å bli lønsame. Og ikkje minst kva som motiverer risikotakande gründarar eller personar som tar leiande stillingar i store eller mindre selskap.



Podiumhelsetech:

Tor Gjøsæter (t.v.) har doktorgrad innan designforskning med fokus på menneske, dataoppleving og brukaroppleving frå UiB, der han er undervisningslektor i dag.

Jørund Fjøsne har bakgrunn som mekanikar, metallsmed og eit fem års diplomstudie ved Statens høgskole for kunstfag.

Saman jobbar dei to med banebrytande helsteknologi som gründarar på vestlandet.





Podiumstar: Christine Koht

Christine Koht er ei morosam, tøysete og engasjerande dame med stor inspirasjons- og underhaldningsevne. I NRK- produksjonen «Koht på jobben» besøkte ho mange arbeidsplassar for å finna ut kva me gjer og ikkje gjer på jobben, og forska på det norske arbeidslivet. Kvar finn me drivkrafta som gjer at me går på jobb? Jobbar me for å leva, eller lever me for jobben? Resultatet er oppsiktsvekkande, inspirerende og morosamt - dette må du få med deg!



Podiumoverblikk: Eirik Newth

Eirik Newth er utdanna astrofysikar og har sidan 1990 vore forfattar og formidlar av vitskap, teknologi og framtidstenking. Å forstå framtida handlar ikkje om å spå, spådommar slår oftast feil.

Langt viktigare er det å forstå dei breie drivkreftene og megatrendane som formar vår tid - og tiåra som skal koma. Først og sist handlar det om entusiasme og optimisme på framtidens vegne.



Podiummoglegheit: Are Pedersen

Are Pedersen er forskingssjef i Future Solutions. Den fjerde industrielle revolusjon er eit faktum og ei utfordring som må handterast slik at det blir ein mogelegheit. Pedersen vil fortelje oss, med bruk av enkle modellar, korleis ein kjem seg vidare, møter utfordringane og tek del i mogelegheitene som ligg der framme.



Podiuminvestering:

På SunnPodium i år kjem me tett innpå desse tre gründerane. Jakob Særsten og Tore Kallevåg er kjende ansikt og industrileiarar i Rubbestadneset. Bernt Henrik Hellesøe er gründer, innovatør og produktutviklar som no kjem inn med ei storsatsing i Rubbe-

stadneset. Etter over 40 år med base i USA der han har bygd opp Unitech til eit globalt anerkjent industrikonsern, vil han no byggje vidare i Rubbestadneset og Sunnhordland. Dei tre har arbeidd tett saman om etablering og store investeringar. På scenen vil dei gje oss direkte innsyn i planane dei har for Rubbestadneset; innsyn i drivkrafta som ligg bak, satsing på nye arbeidsplassar og ny, innovativ teknologi. Spanande!

MELD DEG PÅ!

Gå inn på sunnpodium.no for fleire detaljar og meld deg på!

Følg gjerne denne:



Deltakaravgift:

Begge dagar..... kr 3.000,-
Onsdag kveld..... kr 2.000,-
Torsdag..... kr 2.000,-

Overnatting:

Pr. pers. enkeltrom kr 700,-
Pr. pers. dobbeltrom kr 600,-



Torleiv Fylkesnes er vår nye, allsidige konferansier. Han er dagleg leiar i Matre Maskin der han byrja som ingeniør i 1989.

Han har god kjennskap til næringslivet i Sunnhordland, og vil med si lune framferd losa oss gjennom konferansen.

Program 14.juni (onsdag kveld)

Kveldens fokus: **Drivkraft** | Menneske og teknologi!

- 16.00 - 17.00 **Innsjekk** og registrering.
- 17.00 - 17.15 **SYMRA** Starter.
- 17.15 - 17.25 **Opning** v/ordfører Odd Harald Hovland
- 17.25 - 18.15 **Podiuminvestering: «Industriutvikling i Rubbestadneset»** Jakob Særsten, Bernt Henrik Hellesø, Tore Kallevåg.
- 18.15 - 18.45 **Podium**pust - pause, kaffi og mingling.
- 18.45 - 19.00 **Podium**ungdom: «**Smart Learning UB og Vado UB**» Ungdomsbedrifter og teknologi.
- 19.00 - 19.45 **Podium**drivkraft: «**Kunsten å lykkest**» Per Bjørn Habbestad, Magne Eidesvik og Astrid K. Steinsland.
- 19.45 - 20.00 **Podium**pust - pause, kaffi og mingling.
- 20.00 - 21.00 **Podium**star: «**Koht på jobben**» Christine Koht fortel om si forskning på det norske arbeidslivet.
- 21.00 - **Podium**gourmet - Kortreist mat med triveleg prat!

Program 15.juni (torsdag)

Dagens fokus: **Drivkraft** | Menneske og teknologi!

- 08.00 - 08.30 **Innsjekk** og registrering.
- 08.30 - 08.40 **Velkommen** til Bømlø folkehøgskule. Magne Grøneng Flokenes, rektor.
- 08.40 - 09.15 **Podium**mogeleighet: «**Industri 4.0**» Are Pedersen frå Future Solutions.
- 09.15 - 09.30 **Podium**pust - pause, kaffi og mingling.
- 09.30 - 10.15 **Podium**utdanning: «**Teknologi og utdanning**» Leif Steinar Alvsvåg og Solveig Laukhammer frå Høgskulen på Vestlandet fortel korleis utdanningsinstitusjonane går inn i framtida.
- 10.15 - 11.00 **Podium**helsetech: «**Banebrytande innovasjon**» Tor Gjøsæter og Jørund Fjøsne tar oss med på ei reise inn i fremtidens løysingar.
- 11.00 - 12.00 **Podium**lunsj - god mat og meir god prat!
- 12.00 - 13.00 **Podium**mangfald: Kathleen Offman Mathisen er global HR director i GS og brenn for visa at mangfald i arbeidslivet kan være ei kjelde til innovasjon, drivkraft og utvikling.
- 13.00 - 14.00 **Podium**overblikk: Eirik Newth analyserer drivkreftene og megatrendane som formar vår tid og åra som kjem.
- 14.00 - **Avslutning** - me klappar av dagen og reiser kvar til vårt, inspirerte og klare til å setja nye idéar ut i livet!

NB! Me tar atterhald om programendringar

SunnPodium

ARBEIDSLIVSKONFERANSE MED RESULTATFOKUS

v/ Bømlø Næringsråd | E-post: post@bomlonr.no | web: sunnpodium.no